



Gloppen kommune

Plan og utgreiing

Mottakarar i følge liste

Vår ref.

18/8441

Dato

07.06.2018

Brev til fylkeseldrerådet og Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane

I Gloppen eldreråd sitt møte 09.04.18 vart det under ordet fritt teke opp fleire utfordringar som rådet ønskjer å vidareformidle til fylkeseldrerådet og pensjonistlaget i Sogn og Fjordane. Dette var også tema i møtet 28.05.18, der utfordringane vart nærare utdjupa. Dette gjeld følgjande utfordringar:

1. Endring av praksis rundt fornying av førarkort.
Fleire eldre opplever at dei nye rutinane for fornying av førarkort er tungvindte og dyre, og at det kan synast som at det er ulik praksis frå lege til lege for kor mange år ein får forlenga det. Sentralisering av arbeidet med oppfølging av dette fører til ekstra reising, og meiner at delar av dette arbeidet må kunne gjerast lokalt i kommunane. Problemet aukar dersom legen finn ut at han har behov for prov på fysiske ferdigheiter. Då må ein innoom fylkesmannen, vegdirektoratet og fylket sine køyresensorar. Dette vert ein forlengande, fordyrande og byråkratisk affære.
2. Innsending av krav om refusjon av pasientreiser.
Dagens ordning for innsending av krav om refusjon er omstendelegg og ressurskrevjande for dei som ikkje vel elektronisk innsending. Eldrerådet meiner at dette fører til at fleire vel å ikkje søke refusjon. Det må vere mogleg å forenkla for dei som vel å fylle ut papirversjonen, og få hjelp til å sende det inn elektronisk direkte, til dømes i resepsjonen på sjukehuset.
3. Mange eldre saknar dei trykte rutehefta.
Eldrerådet stiller spørsmål om det ikkje går ann å få tilbake trykte rutehefter som alternativ til dei nettbasserte, og lurar på om fylkeseldrerådet har fått fleire tilsvarande henvendingar som problematiserer dette. Fleire av bussjåførane i det lokale busselskapet får også fleire spørsmål om dette. Er det mogleg å få laga til eit forenkla hefte for kommunane, eller må ei slik tilrettelegging gjerast lokalt der ein tek med det som er relevant for kvar kommune?

Gloppen eldreråd reknar med at fleire av desse problemstillingane ikkje berre gjeld eldre i Gloppen, og har eit ønskje om at fylkeseldrerådet og eventuelt pensjonistlaget i fylket tek tak i saka på vegne av kommunane i Sogn og Fjordane. Vi har inga forventning om at ordninga vert reversert, men meiner at det bør finnast alternative løysingar for eldre og andre som ikkje er aktive på nett.

Mvh
Gloppen eldreråd
v/ leiar Olav Moritsgård

Beate Kornberg
sekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur

Kopi til

Firda billag buss AS
Fylkesmannen i Sogn og
Fjordane v/ fylkeslegen
Pasientreiser HF

Mottakarar

Pensjonistforbundet Sogn og
Fjordane
Sogn og Fjordane
fylkeskommune